

---

Saknr: 2020/37851-1  
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik og  
Merete Hauge

---

### Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

## Reglement for kunstnarleg utsmykking av fylkeskommunale bygg

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner Kunstreglement og rettleiing for arbeid i kunstutval i Vestland fylkeskommune (vedlegg 1)
2. Fylkestinget godkjenner prosedyren for sakshandsaming av kunstnarleg utsmykking i Vestland fylkeskommune.

### Samandrag

I denne saka vert Hordaland fylkeskommune sine reglar for kunstnarleg utsmykking av fylkeskommunale bygg føreslått revidert og vidareført i Vestland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen rår til at det vert avsett 1,2 % av entreprisekostnaden til kunstproduksjon for nybygg og større tilbygg. Det er same sum som Hordaland fylkeskommune hadde avsett og er i tråd med kva andre kommunar og fylkeskommunar i Noreg set av.

På grunnlag av eigne budsjetterte midlar kan Vestland fylkeskommune søkje tilskot frå Kunst i offentleg rom (KORO). Eit tilsegn frå KORO krev at mottakar følgjer gitte reglar. Difor er Vestland fylkeskommune sine retningsliner og prosedyrar lagt tett opp til dei statleg vedtekne retningslinene.

Prosedyre for arbeidet skal kvalitetssikre ansvarsfordelinga og framdrifta i kvar enkelt utsmykkingssak.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune sine reglar for kunstnarleg utsmykking av fylkeskommunale bygg vart fyrst vedteke i 1987. Desse reglane vart sist revidert og vedteke i Fylkestinget i 2008 (arkivsak 200802898-1). Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje hatt eit regelverk knytt til deira kunstnarlege utsmykking av fylkeskommunale bygg.

Eigedomsavdelinga og Avdeling for kultur, idrett og inkludering har i samarbeid utarbeidd forslag til nytt reglement for arbeid med kunstnarleg utsmykking i fylkeskommunale bygg i Vestland fylkeskommune (vedlegg 1). Dette reglementet er tilpassa retningslinene for kunstproduksjon frå Kunst i offentleg rom (KORO).

Det er også utarbeidd ein prosedyre, slik at det går tydeleg frem kven som har ansvaret for dei ulike stega i prosessen frå oppstart og fram til kunstproduksjonen er på plass og i den vidare drifta. Denne prosedyren er lagt til saka som vedlegg 2 og vil kvalitetssikre framdrifta.

Med grunnlag i dei same retningsliner rår fylkesrådmannen til å halde på løyvinga på 1,2% av entreprisekostnadene for nybygg og større tilbygg. Dette også fordi dei fleste fylkeskommunale bygg, slik som dei vidaregåande skulane, har mange brukarar og stort offentleg tilgjenge. I tillegg er ei avsetning på 1,2 % same sum som Hordaland fylkeskommune hadde avsett og er vidare i tråd med kva andre kommunar og fylkeskommunar i Noreg set av.

Eigedomsavdelinga og Avdeling for kultur, idrett og inkludering har revidert og utarbeidd malar og retningsliner som tidlegare gjaldt for Hordaland fylkeskommune. Følgjande malar og retningsliner vil ligge til grunn for Vestland fylkeskommune sitt arbeid med kunstnarleg utsmykking i eigne bygg:

1. Kunstreglement og rettleiing for arbeid i kunstutval i Vestland fylkeskommune (vedlegg 1)
2. Prosedyre for arbeidet med kunstnarleg utsmykking av bygg i Vestland fylkeskommune (vedlegg 2)

### Vedtakskompetanse

### Fylkestinget

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Avsetning vil vere 1,2 % av entreprisekostnad.

**Klima:** Det har ikkje store verknader til klima utover produksjon og transport av kunstverk.

**Folkehelse:** [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#) vert fylgt opp i arbeidet med kunstnarleg utsmykking i fylkeskommunale bygg.

### Konklusjon

Kunst er ein viktig kvalitet i samfunnsutviklinga og kunstopplevingar er til glede og gagn både for enkeltmenneske og ålmenta. Det er difor viktig at Vestland fylkeskommune, som ein tung samfunnsaktør, tek ansvar for arbeidet med kunst i offentlege rom ved å legge til rette for at ålmenta får høve til å møte ulike typar kunst i heile fylket. Dette inneber m.a. å vere kvalitetsbevisst og integrere kunst i fylkeskommunens bygg.

Det er særleg viktig å stimulere til å auke interessa for og opplevinga av vår eiga tids kunst. Det offentlege har ansvar for å bidra til at kunstnarane har leve- og arbeidsvilkår som gjer det mogleg å produsere god og nyskapande kunst. Det er difor viktig at fylkeskommunen gir oppdrag til kunst og kulturfeltet.